



SELJE KOMMUNE
Formannskapet

Møtebok

Møtedato: 18.03.2015

Møtetid: Kl. 13:00 – 19:15

Møtested: Kommunehuset, 3 etg.

Saksnr.: 014/15 - 021/15

Følgjande medlemmer møtte

TP: Ottar Nygård (ordfører). SP: Gunn Sande. UAVH: Toril Sande.

FRP: Svein Hansen, Anne-Lise Drage. KRF: Raymond Myren. H: Kenneth Brandal.

Følgjande medlemmer møtte ikkje

Ingen

Følgjande varamedlemmer møtte

Følgjande frå administrasjonen møtte

Svein Barmen orienterte under sak 016/15 referat nr. 5.

Rådmann Ørnulf Lillestøl, som og førte møteboka.

Merknad til innkallinga

Ingen

Merknad til saklista

Ingen

Orientering:

Sak 021/15 - Sakshandsamar offentliggjorde saka innan møtet starta.

Møtet starta med orientering om Kvalitetslosen og ROS-analyse,

v/prosjektlear Interkommunalt samarbeid Eid, Vågsøy og Selje, Anita Otneim Hoddevik .

7 voterande

Følgjande saker vart handsama

Sak nr.	Sakstittel
014/15	Godkjenning av møtebok
015/15	Delegasjonssaker
016/15	Referatsaker
017/15	Regional transportplan for Sogn og Fjordane 2014 - 2023 - Funksjonsinndeling av fylkesvegnettet
018/15	Legekantor på Stadlandet
019/15	Vassområde Nordfjord - Ny prosjektplan 2016 - 2021.
020/15	Kommunereform - Ny kommunestruktur
021/15	Omdisponering av breibandsmidlar - søknad

Tilleggsaker: Ingen

Utskrift protokoll: Medlemmar, møtande varamedlemmar, biblioteka, abonnentar

Utskrift møtebok: Abonnentar, kontrollutvalet, kommunekassa, revisor

Signatur: _____



SELJE KOMMUNE

SAKSGANG		
Styre, råd, utval	Møtedato	Saksnr
Formannskapet	18.03.2015	014/15

Sakshandsamar: Unni Eltvik Hovden	Arkiv: FE-	Arkivsaknr 15/189
---	----------------------	-----------------------------

Godkjenning av møtebok

TILRÅDING FRÅ ADMINISTRASJONEN:

Møteboka frå møte 28.01.15 vert godkjent slik den ligg føre.

Dok.dato	Tittel	Dok.ID
12.03.2015	Møtebok FS 28.01.15.pdf	63966

Handsaming i Formannskapet - 18.03.2015

7 voterande

FS-014/15 VEDTAK

Møteboka frå møte 28.01.15 vert godkjent slik den ligg føre.

Samrøystes.



SELJE KOMMUNE

SAKSGANG		
Styre, råd, utval	Møtedato	Saksnr
Formannskapet	18.03.2015	015/15

Sakshandsamar: Unni Eltvik Hovden	Arkiv: FE-	Arkivsaknr 15/187
---	----------------------	-----------------------------

Delegasjonssaker

DFS. 002/15: Gbnr. 72/4 - Delingssak - Naust - Per Ove og Else Våge

DFS. 003/15: Gbnr. 72/25 - Delingssak - Grunneigedom - Hanne-Grethe og Bjørn Inge Liland

DFS. 004/15: Gbnr. 75/1 - Delingssak - Fritidshus - Ingmar Solvåg

TILRÅDING FRÅ ADMINISTRASJONEN

Delegerte saker vert tekne til etterretning slik dei ligg føre.

Handsaming i Formannskapet - 18.03.2015

7 voterande

FS-015/15 VEDTAK

Delegerte saker vert tekne til etterretning slik dei ligg føre.

Samrøystes.



SELJE KOMMUNE

SAKSGANG		
Styre, råd, utval	Møtedato	Saksnr
Formannskapet	18.03.2015	016/15

Sakshandsamar: Unni Eltvik Hovden	Arkiv: FE-	Arkivsaknr 15/188
---	----------------------	-----------------------------

Referatsaker

Refererte skriv og meldingar:

Nr	Dok.ID	T	Dok.dato	Avsender/Mottaker	Tittel
1	15/636	I	09.02.2015	Statens vegvesen Region vest	Trafikktryggingstiltak i kommunane - TIK-midlar - Tildeling av midlar 2015
2	15/714	X	12.02.2015	Mottakarar	Stad skipstunnel - Plan for bruk av tunnelmassane - Møtereferat 10.02.15
3	15/1014	U	02.03.2015	Møre og Romsdal fylkeskommune	Uttale - Ferjesambandet Volda - Lauvstad
4	15/1176	I	09.03.2015	Nordfjord vekst	Høyringsuttale vedk. forslag om å flytte Fiskeridirektoratet sitt regionkontor fra Måløy til Bergen
5	15/1205	I	12.03.2015	Svein Barmen	Busetting av flyktningar og innvandrarar i Selje kommune 2015-2017

6 Orientering om arbeid og fra mdrift i Robek-nettverket.

Tilleggsreferat:

TILRÅDING FRÅ ADMINISTRASJONEN

Referatsaker vert tekne til etterretning slik dei ligg føre.

Handsaming i Formannskapet - 18.03.2015

7 voterande

Tilleggsreferat:

07. Ordførar: Stad skipstunnel – orientering.
08. E-post frå Stadlandet Bedriftsforening, dat. 16.03.15 – Legekontor på Stadlandet
09. Ordførar: Nordfjord Vekst – orientering.
10. Ordførar: Politirådet – orientering.
11. Klagesak. Unnt. Off. - Offl. §13.

FS-016/15 VEDTAK

01. Teke til vitande.
02. Teke til vitande.
Frp v/Svein Hansen leverte inn merknad , dat. 18.03.15, til møtereferat frå møte på Selje Hotel 10.02.15.
03. Teke til vitande.
04. Teke til vitande. Ordførar sender støtte til uttale.
05. Orientering v/Svein Barmen. Teke til vitande.
06. Orientering v/rådmann. Teke til vitande.
07. Ordførar orienterte vedk. Stad skipstunnel. Bestilling om igangsetting av reg.plan, forprosjekt og konsekvensutredning 12.03.15 frå Samferdselsdep. til Kystverket.
08. E-post, dat. 16.03.15 frå Stadlandet Bedriftsforening vedk. legekontor på Stadlandet, vert lagt til FS sak 018/15 «Legekontor på Stadlandet».
09. Ordførar orienterte om at Nordfjord Vekst har fått ny dagleg leiar: Randi Humborstad..
10. Ordførar orienterte om Politirådet.
Det er fleire søkarar til utlyst stilling som lensmann i Selje.
11. Klagesak – Unnt. Off. - Offl. §13.

Samrøystes.



SELJE KOMMUNE

SAKSGANG

Styre, råd, utval	Møtedato	Saksnr
Formannskapet	18.03.2015	017/15

Sakshandsamar	Arkiv	Arkivsak
Ottar Nygård	FE-123, FA-Q10	12/287

Regional transportplan for Sogn og Fjordane 2014 - 2023 - Funksjonsinndeling av fylkesvegnettet

Dokumentliste

Vedlegg i saka

Nr	T	Dok.dato	Avsender/Mottaker	Tittel
27	I	18.02.2015	Sogn og Fjordane fylkeskommune	Regional transportplan for Sogn og Fjordane 2014 - 2023
28	S	05.03.2015	Sogn og Fjordane fylkeskommune	Funksjonsinndeling av fylkesvegnettet Regional transportplan for Sogn og Fjordane 2014 - 2023 - Funksjonsinndeling av fylkesvegnettet

Dok.dato	Tittel	Dok.ID
18.02.2015 15:54:33	Regional transportplan for Sogn og Fjordane 2014 - 2023	63194
05.03.2015	Framlegg til funksjonsinndeling fylkesvegnettet	63195

Saka gjeld

Funksjonsinndeling av fylkesvegnettet (Regional transportplan 2014 – 2023). Frist for merknad til plassering av fylkesvegane er 27. mars 2015.

Opplysningar til saka

Selje kommunestyre vedtok 20.03.2013 i sak 020/13 eit innspel til Handlingsprogrammet i Regional transportplan 2014 - 2023 for Sogn og Fjordane.

11.09.2013 i sak 057/13 vedtok kommunestyret ein høyringsuttale av planframlegget til handlingsprogrammet i transportplanen.

Med utgangspunkt i vedteken Regional transportplan er fylkesvegnettet inndelt i funksjonsklassar. Funksjonsinndelinga skal leggest til grunn ved vurdering av behov for standard som breidde, kurvatur osv., på ulike vegstrekningar. Dei skal også vere grunnlag for prioriteringar av drifts- og vedlikehaldstiltak og investeringar i handlingsprogrammet. Ved

langsiktig planlegging og dimensjonering av innsatsen på fylkesvegnettet skal funksjonsklassane leggest til grunn.

Det er lagt til grunn 8 ulike kriteria for å definere funksjonsklassar på vegstrekingar på fylkesvegnettet. Desse er:

- Reiselengde og transport (stor del lange reiser og vegar som er sentrale for regionalt og sentralt næringsliv, vil ha høg funksjonsklasse)
- Samband mellom region- og kommunesentra, gjennomgangsvegar (vegsamband mellom kommunesenter og veg med funksjonsklasse A eller B bør minst ha funksjonsklasse C. Viktige vegar for kryssing av fylkesgrenser bør ha klasse B).
- Befolkingskonsentrasjonar (tettstadar, bygder og grendar skal minst ha eit vegsamband med funksjonsklasse D til veg av høgare standard).
- Vegtettheit
- Viktige kollektivknutepunkt (tilkomst mellom hovudveg og viktige kollektivknutepunkt skal minst ha funksjonsklasse C).
- Vegen sin omgjevnad (vegar som er tilførselsveg til område sett av til større næringsområde eller attraksjonar bør minst ha funksjonsklasse D).
- Vegen sin funksjon i det nasjonale vegnettet
- Spesielle omsyn som omkøyringsveg for riksveg, del tunge køyretøy, turisme mv. (vegar som er definert eller har funksjon som omkøyringsveg for nasjonale hovudvegar skal minst ha funksjonsklasse D).

Med utgangspunkt i desse kriteria er det definert fylgjande funksjonsklassar for fylkesvegnettet i Sogn og Fjordane:

- Funksjonsklasse A – nasjonale hovudvegar
- Funksjonsklasse B – regionale hovudvegar
- Funksjonsklasse C – lokale hovudvegar
- Funksjonsklasse D – lokale samlevegar
- Funksjonsklasse E – lokale tilkomstvegar

Døme på vegar i funksjonsklasse B: fv 60 (Blindheim – Byrkjelo), fv 57 (Espeland – Knarvik) og fv 55 (Vadheim – Dragsvik og Sogndal – Lom). Desse ligg på ein årsdøgntrafikk på over 1000 kjt/d og ein stor del lange reiser.

Døme på vegar i funksjonsklasse C: fv 615 (Sandane – Storebru) og fv 620 (Åheim – Leikanger i Selje).

Med utgangspunkt i kriteria for nye funksjonsklassar og framlegg til nye funksjonsklassar i Regional transportplan, er fylkesvegnettet i fylket delt inn i funksjonsklassar slik det går fram av tabell nedanfor.

Framlegget til funksjonsinndeling av vegnettet i Selje kommune:

Fv.nr.	Gamal funksj.klasse	Ny funksj.klasse	Merknad
618	Primær	C	Lokal hovudveg Kjødepollen - Selje
620	Primær	C	Lokal hovudveg (Åheim) M&R – Leikanger (Stadlandet)
631	Sekundær	C	Lokal hovudveg, tilkomst kommunesenter
632	Øvrig	D	Lokal samleveg Stadlandet
632	Øvrig	E	Lokal samleveg Selje

633	Sekundær	D	Lokal samleveg Stadlandet
633	Øvrig	D	Lokal tilkomstveg til Honningsvågen

Sakshandsamar si vurdering

I framlegget frå fylkeskommunen er Fv 618 Almenningsfjellet – Eide ikkje tatt med under Selje kommune, men under Vågsøy. Nesten heile strekninga ligg i Selje kommune og det er derfor naturleg at vegen vert plassert der. Vegen står oppført slik i framlegget:

Fv.nr.	Gamal funksj.klasse	Ny funksj.klasse	Merknad
618	Primær	D	Lokal samleveg Almenning – Eide. Skulle det vore hovudveg?

Ut frå dei kriteria som er lagt til grunn i framlegget til funksjonsinndelinga frå fylkeskommunen, må ny funksjonsklasse på denne vegen vere C og at den vert endra til Lokal hovudveg Almenning – Eide. Denne vegen hadde tidlegare riksvegstatus og har svært mykje dagleg tungtrafikk m.a. mellom fiskebedriftene Pelagia i Moldefjorden og Pelagia på Trollebø i Vågsøy. I tillegg går all varetransport til/frå AS Fiskevegn, BFG og Flatraket Bygg på denne vegen.

Fv 620 Åheim – Leikanger hadde tidlegare riksvegstatus og er i tillegg fylkeskryssande. All næringstransport til/frå Stadlandet går på denne vegen. Næringslivet har klaga på standaren på vegen gjennom mange år og den er direkte hemmande for ei god utvikling i kommune og region. Denne vegen bør ha funksjonsklasse B og påførast at den er viktig for næringslivet.

Konklusjon

Selje kommune viser til Sogn og Fjordane fylkeskommune sitt framlegg til funksjonsinndeling av fylkesvegnettet og gjev følgjande innspel:

Fv 618 Almenning – Eide, ny funksjonsklasse C og endra til «Lokal hovudveg Almenning – Eide».

Fv 620 Åheim – Leikanger, ny funksjonsklasse B og endra til «Viktig for næringslivet».

Saksgang

Formannskapet avgjer saka.

TILRÅDING FRÅ ADMINISTRASJONEN

Selje kommune viser til Sogn og Fjordane fylkeskommune sitt framlegg til funksjonsinndeling av fylkesvegnettet og gjev følgjande innspel:

Fv 618 Almenning – Eide, ny funksjonsklasse C og endra til «Lokal hovudveg Almenning – Eide».

Fv 620 Åheim – Leikanger, ny funksjonsklasse B og endra til «Viktig for næringslivet».

Handsaming i Formannskapet - 18.03.2015

7 voterande

Røysting:

Tilråding frå (administrasjonen) sakshandsamar ordførar fekk 7 røyster for.

Samrøystes

FS-017/15 VEDTAK

Selje kommune viser til Sogn og Fjordane fylkeskommune sitt framlegg til funksjonsinndeling av fylkesvegnettet og gjev følgjande innspel:

Fv 618 Almenning – Eide, ny funksjonsklasse C og endra til «Lokal hovudveg Almenning – Eide».

Fv 620 Åheim – Leikanger, ny funksjonsklasse B og endra til «Viktig for næringslivet».

Samrøystes.

Utskrift til:

Sogn og Fjordane fylkeskommune

Statens vegvesen



SELJE KOMMUNE

SAKSGANG		
Styre, råd, utval	Møtedato	Saksnr
Formannskapet	18.03.2015	018/15
Formannskapet	15.04.2015	
Kommunestyret	27.04.2015	

Sakshandsamar	Arkiv	Arkivsak
Ørnulf Lillestøl	FE-614	12/1117

Legekantor på Stadlandet

Dokumentliste

Nr	T	Dok.dato	Avsender/Mottaker	Tittel
1	U	26.10.2012	Dragebygg AS; Bygger`n Selje; Nordvestvinduet; Bygg og byggvarer AS; XL-BYGG Måløy	Prisførespurnad dører og vindauger
2	I	28.04.2013	Stadlandet VVS AS	Tilbud varmtvannsberedarar
3	I	28.07.2014	Dragebygg AS	Tilbod på oppgradering av Stadlandet legekantor
4	I	05.11.2014	Gunn Sande	Teikning - Forslag til enkel ombygging og forbedring av Stadlandet legekantor
7	I	09.03.2015	Rådmann Ørnulf Lillestøl	Rekneark revisjon 3 - Stadlandet legekantor
8	I	13.03.2015	Selje eldreråd v/Johan Kroken	Vedk. F-sak 018/15 Legekantor på Stadlandet
9	I	17.03.2015	Stadlandet bedriftsforening	Vedk. sak FS 018/15 - Legekantor på Stadlandet
10	I	18.03.2015	Helsesekretærene på legekantora	Presisering vedk. sak FS 078/14

Vedlegg i saka

Dok.dato	Tittel	Dok.ID
11.03.2015	Budsjett oppgradering rev 3 -Stadlandet Legekantor - 03032015.xlsx	63928
14.04.2014	Nedlegging Stadlandet legekantor	54959
04.12.2014	61173_1_P (Lagret automatisk).doc	61177

Saka gjeld

Sidan legekantoret på Stadlandet vart mellombels stengt sumaren 2014, har det vore arbeid med å klarleggje kva utbetringar som må gjennomførast for å kunne gjenopne kontoret. Kommunestyret har i sak 078/14.. vedteke;

KS-VEDTAK

Eldrerådet og Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne vil påpeike at sak 15/14 «Evaluering av eitt legekantor i Selje kommune» ikkje er tilfredsstillande saksutgreidd.

M.a. er fleire av innspela i saka ikkje vurdert.

Råda vil difor tilrå at prøveperioden vert utvida til 29.03.15, veke 13/2015.

Saka vert difor å ta opp att i god tid før prøveperioden er ute, slik at kontoret eventuelt kan opnast 01.04.15.

Saka vert difor å ta opp igjen i kommunestyret i februar, slik at kontoret eventuelt kan opnast 01.04.15.

Administrasjonen er no litt på etterskot (eit kommunestyremøte) når saka no vert førebudd for handsaming i kommunestyret i april. Dette har si årsak i skifte av rådmann og ynskje om å kunne gå inn i saka med grunnlag for evt ny vurdering og tilråding. Rådmannen ynskjer at denne saka no vert handsama i formannskapet i mars, slik at evt innspel derifrå kan innarbeidast i sak til kommunestyret.

Opplysningar til saka

Saka er relativt grundig utgreidd med tanke på å opne eit legekantor som stettar dagens krav til arbeidsmiljø og pasientsikkerheit. Dette er framlagt kommunestyret tidlegare bl.a i ksak 078/14 om evaluering av eit legekantor i kommunen. Tilsette og legane er relativt samstemte i at det vil vere ein fordel å drive legeteneste frå eit kontor i kommunen. Administrasjonen og rådmannen er tydeleg på at det å drive ei robust legeteneste er utfordrande i mindre kommunar som Selje. Det å drive legeteneste frå to kontor vil svekke fagmiljø, beredskap og derved kvalitet for alle pasientane.

Problemstillinga vert aktualisert no ved at kontoret på Stadt treng utbetringar. Det er gjennomført fleire vurderingar om kva krav vi må sette til fysisk utforming av eit legekantor. Rådmannen har vurdert utgreiingane av behov for utbetringar av kontoret. Desse er grundige og vil stette krav sett til arbeidsmiljø og pasientsikkerheit.

Lover/regelverk

Aml kap 4

Forskrift om offentlige anskaffelser

Fvl spesielt § 13

Helsepersonellova spesielt § 21

Diskriminerings og likestillingslova (tilgjenge)

Finansiering

Kommunestyret må utfrå eigen prioritering handsame sak om prioritering innanfor totalbudsjettet for finansiering av ombygging/utbetring.

Sakshandsamar si vurdering

Saka er utfordrande for rådmannen. Utfordringane er ikkje spesielt knytta til spørsmålet om å ha legekontor på Stadtlandet, men usemje og usikkerheit knytt til kostnader ved å utbetre kontoret. I berekningane administrasjonen tidlegare har utarbeida kjem det fram eit kostnadsnivå på kring 1,5 mill for å utbetre kontoret til akseptabel standard. Andre har rekna på det same og presenterer kostnader som ligg langt lågare.

Rådmannen vurderer behov for utbetringar etter fylgjande prioritet;

Må – utbetringar

1. Sikring av teieplikt etter fvl og helsepersonellova
2. Sikring av tilgjenge etter diskriminerings og likestillingslova
3. Sikring av minimumskrav etter arbeidsmiljølova (varme, lys, ventilasjon, sikkerheit)
4. Hygiene (rein/urein sone, kjøkken/spiserom, lab mv)

Bør – utbetringar

5. Skifte varmelegg (høge driftskostnader i eksisterande)
6. Generell oppussing (golvbelegg, maling osv)
7. Funksjonalitet utover krav i må utbetringar
8. Etablering av tilkomst/areal til akuttberedskap/daglegevakt

Må- utbetringane fylgjer direkte av lovgjevinga. Vi kan ikkje drive eit legekontor utan at tilsette er trygg på at pasientar og/eller dei sjølv har kontroll på informasjon som vert formidla på kontoret. Dette betyr at alle kontor og areal pasientar oppheld seg saman med helsepersonell må vere lydsikra. Det betyr også at alle informasjon må oppbevarast sikkert.

Diskriminerings og likestillingslova seier «så langt det er muleg» om tilgjenge og tilrettelegging. I dette tilfellet er det muleg, og det vil medføre utbetringar av tilkomst og storleik på rom/korridorar og wc.

Arbeidsmiljølova skisserer ei rekkje krav til det fysiske arbeidsmiljøet. I kontakt med arbeidstilsynet er situasjonen med gjenopning av eit kontor som har vore i drift drøfta. På bakgrunn av desse drøftingane er punkta 3 og 4 sett under «må» utbetringar over.

I tidlegare utgreiingar er ein del krav og areal knytta til øh – funksjonar ved å leggje daglegevakt til areala. Pga kostnader ved å gje dette tilbodet her, er dette flytta ned på prioriteringslista. For å unngå kostnader til dette, vil lege i arbeid ved dette kontoret ikkje ha legevakt. Vi vil då også ikkje ha tilsvarande behov for å ha to legar i arbeid ved kontoret.

I forskrift om offentlege anskaffelser er framgangsmåte ved bla bygge og utbedringsarbeider omtalt. Det er her ulike terskelverdier som gir ulike krav til framgangsmåte. Til grunn for val av framgangsmåte ligg då eit anslag av kostnader ved arbeidet. Dette anslaget er kalkulert i tidlegare saksutgreiing. Investeringskostnader til ulike delar ligg ved denne saka. Etter førebels ny kalkulasjon for å stette lovmessige krav samt å ta ut legevakttilbod her, vil storleik kostnader vere om lag ein million. Etter forskrifta vil det krevje innhenting av pristilbod frå minimum tre godkjendte leverandørar og offentleggjering i Doffin.

Rådmannen oppfatter at kommunestyret har eit sterkt ynskje om å gjenopne legekontoret på Stadt. Før det kan skje må kontoret utbetrast.

Framdrift

1. Kommunestyret vurderer saka på ny. I denne vurderinga må kommunestyret ta stilling til faktisk gjennomføring av prosjektet.
2. Dersom kommunestyret vedtek å gjennomføre utbetringar med tanke på gjenopning, førebur administrasjonen ein kravspesifikasjon som inneheldt utbetringar slik at lovmessige krav vert stetta.
3. Det vert innhenta anbod/arbeidet vert lagt ut for konkurranse etter reglane i Forskrift for offentlige anskaffelser (FOR-2006-04-07-402)
4. Når prisar er innhenta vert desse handsama på ordinær måte etter forskrifta. Før det vert inngått kontrakt på arbeidet må kommunestyret sikre finansiering. Dette må handsamast som del av arbeidet med budsjettrevisjon.

Konklusjon

Formannskapet vurderer saka på grunnlag av nye opplysningar og gjev administrasjonen innspel i høve vidare utgreiing. Kommunestyret i april må ta stilling til om arbeid med anbudsgrunnlag/innhenting av prisar skal gjennomførast.

Saksgang

Formannskap 18. mars og 15. april. Kommunestyre 27. april.

TILRÅDING FRÅ ADMINISTRASJONEN

.....

Handsaming i Formannskapet - 18.03.2015

7 voterande

E-post, dat. 16.03.15, m/vedlegg frå Stadlandet Bedriftsforening vart lagt fram i møtet.

Saksgang - endring

Eldrerådet og Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne skal handsame /gje uttale i avtalt nytt møte 09.04.15
Formannskapet 15.04.15
Kommunestyret 27.04.15

Framlegg frå ordførar

Saka vart drøfta. Formannskapet gav innspel til vidare utgreiing.

Røysting

Framlegg frå ordførar fekk 7 røyster for. Samrøystes.

FS-018/15 FRAMLEGG

Saka vart drøfta. Formannskapet gav innspel til vidare utgreiing.



SELJE KOMMUNE

SAKSGANG		
Styre, råd, utval	Møtedato	Saksnr
Formannskapet	18.03.2015	019/15
Kommunestyret	27.04.2015	

Sakshandsamar	Arkiv	Arkivsak
Kristian Nave	FE-410	13/161

Vassområde Nordfjord - Ny prosjektplan 2016 - 2021.

Dokumentliste

Nr	T	Dok.dato	Avsender/Mottaker	Tittel
5	I	24.09.2013	Vassområde Nordfjord	Statusrapport
6	I	03.12.2013	Vassområde Nordfjord	Tiltaksanalyse for Vassområde Nordfjord på høyring 03.12.2013 - 10.01.2014
7	I	14.01.2014	Vassområde Nordfjord	Høyringsinnspel - Tiltaksanalyse for Nordfjord
8	I	11.03.2014	Møre og Romsdal fylkeskommune	Vassforvaltning - tilbakemelding på gjennomføring av tiltak frå 1. planperiode 2010-2015
9	I	18.06.2014	Yri, Anders W. Asplan Viak	Kartlegging av tilførsler fra jordbruk i utvalgte vassdrag i Vassområde Nordfjord
10	I	22.01.2015	Staffan Hjohlman	Prosjektplan til politisk behandling i kommunane

Vedlegg i saka

Dok.dato	Tittel	Dok.ID
16.02.2015	Prosjektplan 2016-2021 Nordfjord vassområde.pdf	63112

Saka gjeld

Vassområde Nordfjord har ei gjeldande prosjektplan for åra 2012 – 2015. Denne saka er ei vidareføring av arbeidet med vassforvaltning med basis i Vassforskrifta. Det er den andre av tre planperiodar fram til år 2033.

Opplysningar til saka

Vassforskrifta er komen på plass som følgje av EU sitt vassdirektiv. Kravet er at alle vassforekomstar skal som hovudregel ha **minimum god økologisk og kjemisk tilstand**. Fylkeskommunen er ansvarleg for igangsetting og oppfølging av arbeidet i vassregionen (eige fylke). Kommunane har ansvaret for å leie arbeidet i vassområda.

I gjeldande planperiode har det vore gjennomført ein ganske omfattande kartlegging av tilstanden i vassforekomstane i Nordfjord. For nokre vassforekomstar er det leigd inn konsulentfirma som har undersøkt påverknad frå t.d. kloakkutslepp og landbruk. På bakgrunn av dette er det kome framlegg til tiltak.

Det er i prosjektplanen for neste periode semje i vassområda og vassregionen om at Sogn og Fjordane Fylkeskommune tilset prosjektleiar i 100 % fast stilling. Denne stillinga skal dekke Nordfjord og Sunnfjord vassområde. Det vil redusere kostnadane for kommunane i Nordfjord.

Lover/regelverk

•Forskrift om rammer for vannforvaltningen (Vassforskrifta).

Utdrag frå § 22.(vannregionutvalg):

Vannregionmyndigheten skal innenfor den enkelte vannregion opprette et vannregionutvalg under ledelse av vannregionmyndigheten. Vannregionutvalget skal være sammensatt av representanter for vannregionmyndigheten og øvrige fylkeskommuner, fylkesmannsembeter, samt andre berørte sektormyndigheter og kommuner. Representanter for berørte rettighetshavere og private og allmenne brukerinteresser skal være nært knyttet til vannregionutvalget gjennom en referansegruppe.

•Forurensingsloven

•Vannressursloven

•Plan- og Bygningsloven

Finansiering

Kostnadane i Vassområde Nordfjord har vore fordelt slik: fylkeskommune/fylkesmannen 50% og kommunane 50%. Selje kommune har betalt kr. 62.619,- kvart år sidan 2012.

Etter prosjektplanen 2016 - 2021 vert det no kr. 30.022,- pr. år for Selje kommune.

Fordelingsmodellen som er vedteken av vassområdeutvalet er 1/3 lik fordeling, 1/3 etter folketal og 1/3 etter areal.

Løyvinga må innarbeidast i økonomiplanen og leggest inn i budsjettet for Plan- og Utvikling, 13501 – 510 – 301 - prosjektnummer 1235, Vassområde Nordfjord.

Sakshandsamar si vurdering

Kommunen er pålagt i forskrift å utgreie tiltak innanfor sitt ansvarsområde, samt å bidra til fastsetting av miljømål.

Prosjektet hjelper kommunen gjennom fasene i arbeidet etter vassforskrifta, mellom anna ved å hente inn data, gjennomføre miljøoveraking og halde oversikt over miljøtilstand og eventuell miljøpåverknad frå landbruk, avløp og andre kjelder, rapportere om status for gjennomføring av tiltak, samt å legge til rette for medverknad frå berørte partar, lag og organisasjonar.

Det er vurdert som uråd å gjennomføre dette prosjektet utan prosjektleiar og økonomisk drahjelp. Heile landet driv på med prosjektet parallelt og har same tidsfristar.

Berekraftig forvaltning av vassforekomstane i kommunen er viktig for innbyggjarane og no er det råd å gjennomføre dette på ein systematisk og «billeg» måte.

Kommunen sitt arbeid vil bestå av til dømes å forankre prosjektet lokalt, delta på synfaringar og møter, ha kontakt med grunneigarar/referansegruppe og skaffe ein del opplysningar.

Det vert vurdert som ei god løysing at ein dei komande åra har ein felles prosjektleiar i Sunnfjord og Nordfjord. Med fast stilling i fylkeskommunen kan bli ei meir stabil ordning og lågare kostnader enn dagens ordning.

Konklusjon

Selje kommune deltek i arbeid og kostnader med Vassområde Nordfjord etter prosjektplanen for 2016 - 2021.

Saksgang

Saka vert handsama i formannskapet og det vert gjort endeleg vedtak i kommunestyret.

TILRÅDING FRÅ ADMINISTRASJONEN

Selje kommune deltek i arbeid og kostnader med Vassområde Nordfjord etter prosjektplanen for 2016 - 2021. Løyvinga vert då kr. 30.022,- pr. år for Selje kommune og skal innarbeidast i økonomiplanen og leggst inn i budsjettet for Plan- og Utvikling, 13501 – 510 – 301 - prosjektnummer 1235, Vassområde Nordfjord.

Handsaming i Formannskapet - 18.03.2015

7 voterande

Røysting:

Tilråding frå administrasjonen fekk 7 røyster for. Samrøystes.

FS-019/15 FRAMLEGG

Som tilrådinga frå administrasjonen.

Utskrift til:

Sogn og Fjordane Fylkeskommune, Askedalen 2, 6863 LEIKANGER

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane, Njøsavegen 2, 6863 LEIKANGER

Vassområde Nordfjord v/Prosjektleiar Staffan Hjohlman, Gloppen kommune, Grandavegen 9, 6823 SANDANE

Økonomisjef Geir Kvisten, Selje kommune.



SELJE KOMMUNE

SAKSGANG

Styre, råd, utval	Møtedato	Saksnr
Formannskapet	18.03.2015	020/15

Sakshandsamar	Arkiv	Arkivsak
Ørnulf Lillestøl	FE-024	14/342

Kommunereform - Ny kommunestruktur

Dokumentliste

Nr	T	Dok.dato	Avsender/Mottaker	Tittel
4	S	15.09.2014		Ny kommunereform - Endra kommunestruktur
10	I	19.09.2014	Nordfjordreådet v/sekretær	Presentasjonar felles formannskapsmøte Nordfjordeid 11.09.2014
8	I	06.10.2014	Fylkesmannen i Sogn og Fjordane	Kommunereforma - opplegg for arbeidet i Sogn og Fjordane 2014 - 2016
7	U	06.10.2014	Fylkesmannen i Sogn og Fjordane	Melding om handsama sak - Ny kommunereform - Strategi
9	I	10.10.2014	KS - Sogn og Fjordane	Kommunereforma - ressursgrupper i forhold til oppgåver
11	U	23.10.2014	Dei som skal ha utskrift	Utskrift sak 067/14 Felles Formannskapsmøte - Ny kommunereform - Endra kommunestruktur
12	I	31.10.2014	Eid kommune	Vedtak i Eid kommune om Kommunereforma - vidare prosess
13	I	10.11.2014	Ordførar Ottar Nygård	Møte i Vågsøy 12.11.14 - Kommunereforma
14	I	27.11.2014	Ordfører i Vågsøy Morten Hagen	Møtereferat 12.11.2014 - Framtidig kommunestruktur
15	S	04.12.2014		Kommunereform - Ny kommunestruktur - Mandat
16	I	18.12.2014	Fylkesmannen i Sogn og Fjordane	Kommunereforma - skjønnsmidlar til utgreiingar
17	U	09.01.2015	Nordfjordreådet / Nordfjordkommunane	Melding om vedtak - Kommunereform - Ny kommunestruktur - Mandat
19	I	30.01.2015	Eid kommune	Kommunereforma - Vedtak i Eid

25	I	02.02.2015	Hornindal kommune	kommune Utgreiingsmodellar for endra kommunestruktur - melding om vedtak
24	I	02.02.2015	Stryn kommune	Kommunereforma - Vedtak i Stryn kommune
23	U	02.02.2015	Hornindal kommune	Kommunereforma - Vedtak i Hornindal kommune
22	I	04.02.2015	Gloppen kommune	Kommunereforma - Vedtak i Gloppen kommune
21	I	04.02.2015	Vågsøy kommune	Kommunereforma - Vedtak i Vågsøy kommune
20	I	04.02.2015	Fylkesmannen i Sogn og Fjordane	Infobrev - Kommunereforma - tid for val av retning og utgreiinga
26	U	24.02.2015	Nordfjordkommunane; Nordfjordrådet v/Sven Flo; Vanylven kommune; Fylkesmannen i Sogn og Fjordane	Melding om vedtak - Kommunereform - Ny kommunestruktur
28	I	09.03.2015	Rådmann i Eid kommune Åslaug Krogsæter	Søknad om fornyingsmidlar

Vedlegg i saka

Dok.dato	Tittel	Dok.ID
11.03.2015	Søknad OJLJTM.PDF	63926

Søknad til fylkesmannen om skjønsmidlar til utgreiingsarbeid

Saka gjeld

Framdrift i, og organisering av, utgreiingsarbeid knytt til endra kommunestruktur.

Opplysningar til saka

Bakgrunn

Viser til tidlegare drøftingar om kommunereforma. Etter at Nordfjordrådet vedtok å ikkje ha ei sentral koordinerande rolle i utgreiingsarbeidet, er det overlatt til kommunane einskildvis å søkje om skjønsmidlar frå fylkesmannen til dette arbeidet.

Formannskapet og kommunestyret har uttrykt ynskje om at Selje søker samarbeid med Eid og Vågsøy kommunar og samstundes klarleggje om kommunane mot nord og sør ynskjer å delta.

Aktuell situasjon

Rådmennene i Eid, Vågsøy og Selje har utforma søknad om skjønsmidlar for utgreiingsarbeidet. Søknaden ligg vedlagt. Som ein ser her, er det skissert ein felles utgreiingsprosess som startar no og skal vere avslutta til tidsfrist for attendemelding i juni 2016. Til bistand i dette arbeidet ynskjer kommunane å kunne engasjere ein ekstern prosjektkoordinator. Søknaden omtalar også tilhøve mot andre kommunar i sør og nord. Dette

gjeld spesielt Vanylven og Bremanger. Kommunane i Møre og Romsdal har allerede fått tildelt skjønsmidler og har no kome litt lengre i prosessen, Bremanger har starta opp ein eigen utgreiing basert på å i fyrste fase greie ut korleis eigen kommune kan "stå på egne bein" i framtida. Når denne analysen er avslutta vil også Bremanger kartleggje greie ut fordeler og ulemper ved å gå inn i ein ny større kommune. dette vil truleg skje i løpet av hausten. Utgreiingsarbeidet må då leggjast opp slik at både Vanylven og evt Bremanger kan koplust på utgreiingane.

Organisering av arbeidet

I søknaden til fylkesmannen er det også teikna ei skisse for ynskt organisering. denne fylgjer av modell som andre kommunar vel for sitt arbeid.

- Felles styringsgruppe

Denne er samansett av ordførarane og rådmenn frå deltakarkommunane. I tillegg vil 2 evt 3 HTV frå deltakarkommunene delta. Prosjektkoordinator vil vere deltakar/sekretær for gruppa. Oppgåvene vil vere å setje meir detaljert framdriftsplan og sikre at sentrale utgreiingselement vert koordinert.

Kommunal styringsgruppe

Dei fleste komunar nyttar eit utvida formannskap til dette. I Selje er det fastsett formannskapet med gruppeleiarar som ikkje er representert der. I tillegg vert HTV invitert - til vanleg to representantar. Tidlegare er HTV i Fagforbundet invitert med HTV for Delta som vara.

Det er ynskjeleg med brei deltaking frå tilsettere representantar slik at 2 HTV bør delta på lik linje med andre i dette arbeidet. I sist HTV møte vart dette drøfta og det var då semje om at HTV for Fagforbundet og HTV for Utdanningsforbundet deltek.

Oppgåvene vil vere å sikre politisk forankring, medverknad frå fagorganisasjonane og overordna koordinering av prosessen.

Kommunal arbeidsgruppe

Dette vil vere ei administrativt samansett gruppe, oppnemd av rådmannen. Vi må her sikre involvering i organisasjonen med leiarar og HTV samt informasjon til innbyggjarane via heimeside og media ellers.

Ressursbruk

Dette er framleis litt uavklart. Slik den økonomiske situasjonen er hjå oss må fokus vere å sikre ein best mogeleg prosess med avgrensa midlar. Utgreiinga krev ein kommunal eigeninnsats utover søknad om skjønsmidler. Omfanget av dette vil verte meir avklart når felles styringsgruppe har starta opp sitt arbeid og arbeidsdeling mot felles prosjektkoordinator er meir klarlagt.

Framdrift

Svar på søknad om skjønsmidler i midten av mars.

Møte i felles styringsgruppe kring 20 mars.

Møte i kommunal styringsgruppe i samband med formannskapsmøte 15. april

Gjennomgang og naudsynete vedtak i kommunestyret 27 april.

Oppstart prosjektkoordinator mai.

Lover/regelverk

Finansiering

Sakshandsamar si vurdering

Det har no ikkje vore andre alternativ for utgreiing og søknad til fylkesmannen som kommunane einast om. Eid og Vågsøy har vore tydelege på at EVS utgreiinga er aktuell med påkopling av Vanylven og Bremanger evt etter kvart.

Konklusjon

I fyrste fase er det viktig at formannskapet og kommunestyret vert orientert og får høve til å kome med innspel til prosessen.

Saksgang

Handsaming i Formannskapet.

TILRÅDING FRÅ ADMINISTRASJONEN

Formannskapet er orientert om søknad til fylkesmannen om skjønsmidler til utgreiingsarbeid i høve kommunereforma.

Handsaming i Formannskapet - 18.03.2015

7 voterande

Røysting:

Tilråding frå administrasjonen fekk 7 røyster for. Samrøystes.

FS-020/15 VEDTAK

Formannskapet er orientert om søknad til fylkesmannen om skjønsmidler til utgreiingsarbeid i høve kommunereforma.

Samrøystes.

Utskrift til:

Kommunane Eid, Vågøys og Vanylven



SELJE KOMMUNE

SAKSGANG

Styre, råd, utval	Møtedato	Saksnr
Formannskapet	18.03.2015	021/15

Sakshandsamar	Arkiv	Arkivsak
Reidar Sandviknes	FA-N60	13/380

Omdisponering av breibandsmidlar - søknad

Nr	T	Dok.dato	Avsender/Mottaker	Tittel
57	U	12.03.2015	Breibandsleverandørar	Avklaring om framtidig breibandsutbygging i Selje kommune

Opplysningar til saka

Kommunen fekt tildelt midlar frå «breibandsløftet» i 2008 og 2009; kr. 800.000 til Eide og Barmen.

Vi hadde prosjekta ute på anbod, men kostnadene var så store at kommunen ikkje hadde muligheit til å gjennomføre noko av dette. I 2014 søkte vi om å omdisponere midlane til framføring av fiber til nokre kommunale bygg og til eit bygdeprosjekt på Flatraket.

Hovudutval for plan og næring gav Selje kommune løyve til å omdisponere kr 287.500 til utbygging av fiber på Flatraket.

Hovudutvalet gav ikkje løyve til omdisponering til kommunale bygg og viste til tildelingskriteria for desse midlane i 2008 og 2009:

- *Vere til nytte for næringslivet ved at dei får tilgang til høgare kapasitet*
- *Sannsynleggjering av at næringslivet er involvert og vil vere med*
- *Dagens dekning er ikkje god nok. inkl stadar der det ikkje er dekning eller dårleg dekning.*
- *Bør gi ulike tenesteleverandørar og kundegrupper tilgang.*

Fylkeskommunen har vore klar på at bruk av desse midlane berre kan nyttast ut i frå nemnde kriteria, men at kommunale bygg kan takast med dersom desse ligg i utbyggingsområdet. Vi har forsøkt å få til dette, men finn ikkje områder der vi kan få denne synergien, og som fylkeskommunen kan godkjenne.

Spørsmålet vidare har vore om det er konkrete områder berre etter tildelingskriteria og utan omsyn til kommunale bygg, der vi kan søkje omdisponering.

Kommunen har spreidd busetnad med relativt lange avstander, der det vil bli svært

kostnadskrevjande å legge fiber på ordinær måte. Vi held no på med ein kartlegging av behov, utfordringar og mulige løysingar i heile kommunen. Dette må forankrast i kommunestyret som igjen prioriterer tiltaka inn i økonomiplanen. Vidare utbygging i Selje kommune vil vere på Telenor og andre leverandørar sine premissar eller at kommunen med hjelp av Post og Teletilsynet sine tilskotsordningar (30 % eigendel) byggjer ut i samarbeid med aktuelle leverandørar. Vi har som målsetjing at denne planen skal vere ferdig i mai 2015. Vi ser at restløyvinga frå 2008/09 (50 % eigendel) ikkje er nok til å finansiere kostnads-krevjande utbyggingsområder. Det kan likevel vere eit unntak som gjeld transportnett Leikanger – Borgundvåg.

Vi har søkt og fått godkjent midlar til eit breibandsprosjekt i Borgundvåg som no har vore ute på anbod, delvis finansiert med tilskot etter ny ordning. Dette prosjektet skal legge til rette for at private og næringsverksemdar i Borgundvåg skal kunne knyte seg til eit kraftfullt og framtidretta breibandsnett. I samband med dette er det viktig å få bygd fiber/transportnett vidare frå Leikanger sentrum til Borgundvåg, der kommunen har lagt til rette for industriverksemd og fiskerikai/hamn. Alternativet kan vere at transportnettet vert lagt i fjellområdet eller på andre måtar som ikkje har samfunnsnyttig verdi.

Sakshandsamar si vurdering

Kommunen ser det som det som svært viktig at transportnettet til Borgundvåg går langs fylkesvegen, slik at fleire interessentar kan få tilgang og på denne måten oppnår mest mulig samfunnsnytte.

Mulig løysing er at kommunen får nytte omdisponerte midlar som anleggstilskot til ein aktuell fiberleverandør eller at kommunen eig fiberen og sel fiberpar til fiberleverandør. Eventuell eigendel på dette må ordnast utanfor kommunen, med dugnad og tilskot. Saka med dette utgangspunktet har vore drøfta med fylkeskommunen, og ein førebels søknad er sent innan fristen. I søknadene vart det opplyst at saka skal handsamast i formannskapet 18.3. Dersom Selje kommune stadfestar søknaden, vert saka handsama i hovudutvalet for næring (fylkeskommunen) 25.03.15

Saksgang

Formannskapet gjer vedtak

TILRÅDING FRÅ ADMINISTRASJONEN

Selje kommune søker Sogn og Fjordane fylkeskommune om omdisponering av tidlegare tildelte midlar frå breibandsløftet 2008 og 2009, rest kr. 512.500 som delfinansiering av transportnett Leikanger – Borgundvåg.

Handsaming i Formannskapet - 18.03.2015

7 voterande

Sakshandsamar endra saka frå utsett off. (Offl. §5) til å vere offentleg før handsaming / møtet starta.

Røysting:

Tilråding frå administrasjonen fekk 7 røyster for. Samrøystes.

FS-021/15 VEDTAK

Selje kommune søker Sogn og Fjordane fylkeskommune om omdisponering av tidlegare tildelte midlar frå breibandsløftet 2008 og 2009, rest kr. 512.500 som delfinansiering av transportnett Leikanger – Borgundvåg.

Samrøystes.

Utskrift til:

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane

